



Søknad om driftskonsesjon i henhold til mineralloven § 43

Skjemaet med vedlegg sendes til:

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard
Postboks 3021 Lade
7441 Trondheim

E-post: mail@dirmin.no
Telefon Sentralbord: (+47) 73 90 40 50
Hjemmeside: <http://www.dirmin.no>

LES VEILEDNINGEN FØR DU FYLLER UT SKJEMAET

1. Opplysninger om søker

Fullstendig navn/firma Brødrene Flåten AS		Organisasjonsnummer 989783572	
Postadresse Stølen 32		Postnummer 6856	Sted Sogndal
Telefonnummer		Mobiltelefon 91399453	E-postadresse thsand-singel@hotmail.com
		Land Norge	
		Hjemmeside	

2. Opplysninger om området

Navn på uttaksområdet/uttaket Reiarmoen	Uttaksområdets gårds- og bruksnummer Gnr. 88, Bnr. 7	Kommune Luster
Størrelse på omsøkt areal (daa) 76	Anslag totalvolum uttak (m ³) 600000	Forventet årlig uttak (m ³) 15000

3. Opplysninger om forekomsten

3.1. Hvilken mineralkategori tilhører forekomsten?	Grunneiers mineraler <input checked="" type="checkbox"/>	Statens mineraler <input type="checkbox"/>
3.2. Drives det på forekomsten i dag?	Ja <input checked="" type="radio"/>	Nei <input type="radio"/>
3.3. Beskrivelse av forekomsten (type mineralforekomst, kvalitetsvurdering, anvendelser av råstoffet): Sand, grus og stein. Massar av gjennomgående god kvalitet. Massane vert sortert på staden og levert til offentlege og private kundar, herunder også til betongblandeverk.		



4. Forholdet til plan- og bygningsloven (pbl.)

4.1. Angi hvilket arealformål området har i kommuneplanens arealdel Massetak

4.2. Finnes det en godkjent reguleringsplan for området det søkes om konsesjon? Ja Nei

Hvis ja, oppgi navn på planen og vedtaksdato:

Navn på plan: Reguleringsplan for Bustaddiket serverpark og Reiarboen massetak

Vedtaksdato: 27.09.2012

Hvis nei:

Er det varslet oppstart av reguleringsplanarbeid for området? Ja Nei

Er det gitt andre tillatelser etter pbl. for terrenginngrep i omsøkt område? Opplys om hvilke

5. Vedlegg til søknaden

Med søknaden skal alltid vedlegges:

5.1. Dokumentasjon på utvinningsrett til forekomsten

- For grunneiers mineraler: Kopi av signert leieavtale om uttak med grunneier, eller dokumentasjon på grunnbokshjemmel

- For statens mineraler: Oppgi rettighetsnummeret(ene)

5.2. Kart der omsøkt område hvor det foreligger utvinningsrett er tydelig inntegnet i målestokk 1:1000-/1:2000.

5.3. Gi en kort firmapresentasjon.

5.4. Redegjørelse for den kompetanse selskapet har for driften av det planlagte uttaket. Gi en oversikt over bergfaglig og annen teknisk kompetanse i organisasjonen.

5.5. Forslag til driftsplan, inkludert avslutningsplan. Driftsplanen skal være i samsvar med DMFs krav til driftsplaner.



5.6. Oversikt over økonomiske forhold:

5.6.1. For uttak som allerede er i drift:

- Godkjent årsregnskap for de siste to år

5.6.2. For nye uttak, eller tidligere uttak med nytt driftsselskap:

- Driftsbudsjett for det omsøkte uttaket for de 3 første driftsår

5.7. Vurdering av behovet for at det stilles økonomisk sikkerhet for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak, herunder forslag til form for og størrelse på sikkerheten.

5.8. Adresseliste over særlig berørte parter (nærmeste naboer, eller brukere av området).

5.9. Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.

Kontonummer for innbetaling: 7694.05.05883

Gebyret er kr. 10.000. Dersom søknaden gjelder uttak som krever konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredninger (26.juni 2009 nr. 855), er gebyret kr. 20.000.

Merk innbetalingen med Driftskonsesjon, navn på uttaket/uttaksområdet og navn på søker

6. Eventuelle tilleggsopplysninger

Direktoratet for mineralforvaltning kan kreve flere opplysninger dersom man finner det nødvendig for behandling av søknaden.

7. Underskrift

Sted og dato

SOGNØL 4-11 2015.

Underskrift

Tor Jonny Flak.

Konsesjonsområde
Reiarmoen i Luster kommune

2133
Reiarmoen
73,7 Daa

Bustadiket

Aspamo

Kart produsert ved DMF 23.12.2016

Tegnforklaring

-  Konsesjonsområde
-  Eiendomsgrense
-  GeocacheBasis





Brødrene Flåten AS


Driftsplan for massetaket Reiarmoen i Luster kommune

29. september 2016


Generelle opplysningar

Massetaket sitt namn og lokalisering:	Reiarmoen massetak i Luster kommune
Gnr/Bnr:	88/7
Grunneigar:	Henrik Røneid
Driftselskap for masseuttak:	Brødrene Flåten AS, org.nr. 989 783 572
Løyve til drift:	Løyve til drift frå Luster kommune, samt avtale mellom grunneigar Henrik Røneid og Brødrene Flåten AS om rett til uttak av massar, er dokumentert i søknad om driftskonsesjon
Reguleringsplan:	Godkjent reguleringsplan for massetaket, «Reguleringsplan for Jostedal serverpark og Reiarmoen massetak», vart godkjent av Luster kommune 27.09.2012.


Oversiktskart (massetaket på Reirmoen markert med raud sirkel).



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel (massetaket på Reiarmoen markert med raud sirkel)




Kartutsnitt (massetaket på Reiarmoen markert med raud sirkel)



Bilde henta frå Google Earth



Orthofoto som viser massetaket og naboar



Føremål

Denne driftsplanen er drivaren av Reiarmon massetak sin reiskap for gjennomføring av drifta av uttaket.

Planen er også grunnlag for Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) sitt tilsyn av anlegget, samt grunnlag for berekning av økonomisk tryggleik for gjennomføring av tryggingstiltak i driftsfasen og oppryddingstiltak ved midlertidig driftsstans og ved avslutning av tiltaket (jmf. minerallova kap. 2).

Omfang

Driftsplanen gjeld heile området der det er gjeve løyve til uttak av massar. Dette området er nærare definert i godkjent reguleringsplan for området: «Reguleringsplan for Jostedal serverpark og Reiarmon massetak».

Drift av uttaket

Massetaket har vore drifta av Tor Henning Flåten sidan 1994, og uttaksvolumet har heile denne tida vore styrt av marknaden. Stipulert uttaksvolum komande år, basert på erfaringar frå dei siste åra, er ca. 15000 m³ per år. Utnyttbare masseressursar i anlegget vart av NGU i 2008 stipulert til i underkant av 600000 m³. I gjeldande reguleringsplan er området regulert til massetak angitt til 76 daa.

Massetaket har godkjent avkøyrsløse frå fylkesveg 604.

Reguleringsplanen for området har denne omtalen av massetaket (sitert i kursiv tekst):

I kommunedelplan for mineralske råstoff vurderer kommunen denne moreneryggen som den nest viktigaste og nest største førekomsten av grus og sand i kommunen. NGU registrerte i 2008 ei total mengde på 0,909 mill m³ og av desse er 0.589 mill m³ utnyttbare.

Uttaksmengden vert styrt av etterspurnad i marknaden. Dei ulike fraksjonane ligg lagvis i massetaket og det er difor etterspurnaden av dei ulike fraksjonane som styrer terrengformasjonane inne i massetaket. Å utforme ein etappeplan for framtidig uttak har difor lite for seg. Det som er viktig å planlegge vil vere utforming av massetaket når drifta er avslutta og å legge føringa på sjølve drifta.

Verknadane av drifta av knuseverket med omsyn til støy, vibrasjon og støv må omsynstakast i forhold til at det skal byggast ein serverpark i nærleiken.

Botn av masseuttaket er planlagt til å ligge på kote +25.

I driftsfasen vil det vere naturleg å ta ut massar 3-4 meter under eksisterande terrengnivå. Ved avslutning av drifta bør det fyllast opp til eit nivå som ligg noko over vegnivå og på den måten følgje dei naturlege

terrengformasjonane i området.

Dei øvre delane av massetaket ligg på om lag kote +85. Ved avslutting av masseuttaket skal uttaksskråningane planerast med maksimal skråningsvinkel 1:1,5. Uttaksflatene skal fyllast opp med eit lag med lausmassar, som skal gi grobunn for revegetering av området.

Der ein tek ut massar heilt inn til fjell vil denne vere ein naturleg avgrensing av masseuttaket.

Overgangen til omliggande områder skal opparbeidast slik at det vert ein naturleg forlenging av utmark/dyrka mark.

Massetaket skal til ein kvar tid sikrast i forhold til drift og tilkomst til området. Etterbruken av massetaket er landbruk og serverpark.

Beskrivinga i reguleringsplanen definerer langt på veg både driftsmessige forhold og plan for sikring og avslutning.

Det kan utdypast at den lagvise delinga i massetaket er slik at dei finaste fraksjonane (sand) ligg øvst og dei grovare fraksjonane (grus og stein) ligg nedst. Som omtala ovanfor vert uttaket av dei ulike fraksjonane bestemt av etterspurnaden i marknaden, og det er difor utfordrande å planlegga for ein spesifikk etappeplan. Sidan massetaket er relativt høgt (per i dag ca. 50 meter) vil det i utgangspunktet vera ynskjeleg å ta ut massane i to pallar for å minska risikoen for alvorlege ulukker. Drivar av anlegget ynskjer difor så langt mogleg å leggja til rette for dette, men da under føresetnad at det let seg gjennomføra i høve marknadsmessige forhold. Det skal i denne samanheng presiserast at ein gjennom ei driftstid på 21 år ikkje har hatt alvorlege ulukker ved anlegget.

Avdekking av massetaket (jord/humushaldige massar) skjer løpande etter behov styrt av masseuttaket. Drivar har erfart at beste løysinga er å ikkje avdekka meir enn naudsynt for slik å unngå tilgroing av avdekka areal før ein rekk å ta ut dei drivverdige massane. Avdekningsmassane vert mellomlagra i depot innafor massetaket sitt uttaksområde. Etter ynskje frå grunneigar skal areal som er ferdig utteke, og elles ikkje vert nytta til drifta av massetaket, påfyllast jordmassar fortløpande gjennom driftsperioden. Dette medfører at omfanget av avsluttande arbeid etter avslutta drift i ei viss grad minkar i takt med tida anlegget er i drift.

Når det gjeld sikring av massetaket må ein leggja til grunn at området rundt massetaket ikkje vert nytta til korkje turgåing eller som beite, og at det såleis ikkje er naturleg at folk eller fe vil ferdast i utmarksområdet rundt anlegget. Inngjerding av massetaket er på dette grunnlaget vurdert uturvande.

Også omfang av gangtrafikk på fylkesvegen forbi anlegget er svært beskjeden. Ut frå dette har tanken vore at sikringa i hovudsak må retta seg mot køyrande trafikk på fylkesvegen.

Sikring av anlegget i driftsfasen ved dagens praksis kan oppsummerast slik:

1. Skilting med fareskilt ved innkøyringa frå fylkesvegen
2. Vollar av lausmasar på kvar side av innkøyringa
3. Innkøyringa vert sperra med hjullastar eller anna køyretøy kvar ettermiddag/kveld når arbeidsdagen vert avslutta

Til orientering vil det bli etablert ny låsbar bom til massetaket i løpet av oktober 2016.

Avslutting av uttaket

Ihht reguleringsplanen er etterbruken av massetaket landbruk og serverpark. Ein må her leggja til grunn at omfang og premisser for dei to nemnde føremåla vert endeleg bestemt på tidspunkt for avslutting av massetaket.

Krav til praktiske tiltak som skal gjennomførast ved avslutting av massetaket er rimeleg nøyaktig beskrive i reguleringsplanen, og vil bli lagt til grunn for utføringa.

Det skal nemnast at all jord som vert skava av vert deponert på staden for gjenbruk. Så langt praktisk mogleg vert deler av området fortløpande dekkja til med jord i driftsfasen.

Sikring av anlegget ved avslutta drift skal utførast som spesifisert i gjeldande reguleringsplan.

Andre forhold

For reglar om driftstider, støv, støy og anna vert det vist til reguleringsplanen for området.

Kart, planar og snitt

Fylgjande kart, planar og snitt er vedlagt:

Oversiktsplan massetak, målestokk 1:1000 (A1)


Snitt gjennom massetaket, målestokk 1:1000 (A1)

Avslutningskart, målestokk 1:1000 (A1)


Reguleringsplankart, målestokk 1:1000

Underskrift

Luster, 29. september 2016
Brødrene Flåten AS



Tor Henning Flåten



- MERKNADER**
 Ekvidistans: 1m
 Tidspunkt for oppmåling kart: 2013
- TEGNFORKLARING**
- Eigedomsgrense
 - Reguleringsgrense
 - Uttaksgrense
 - Uttakslinje avslutning vist på snitt
 - ← Uttaksretning
 - Pall
 - Sikringsvoll/skråning
 - Depot avdekningsmassar
 - Lagerplass produkt
 - Utteke areal (flatt grunnivå)
 - Skråning massetak
 - Hovuddriftsvegar

B	2. gang utsending	PB	PB	29.09.2016
A	1. gang utsending	PB	PB	04.11.2015
Rev	Endring	Utført	Kontr.	Dato

Lokasjon: fig.

Prosjekt: **Reiarmonen massetak, Luster**

Tilskaffer: **Brødrene Flåten AS**

Fase:	Tekna nr.:	Kontrollert:
Prosjekt nr.:	Dato:	Målestokk:
4015	09/20/16	1 : 1000
Tekn. nr.:		Format:
		A1

4015-FO-01

Oversiktsplan driftsfase.
 Situasjon 2013

MERKNADER
 Ekvridstase: 1m
 Tidspunkt for oppmåling kart: 2013

- TEGNFORKLARING**
- Eiegdomsgrense
 - Reguleringsgrense
 - Uttaksgrense
 - Uttakslinje avslutning vist på snitt
 - ← Uttaksretning
 - Pall
 - Sikringsvoll/skråning
 - Depot avdekningsmassar
 - Lagerplass produkt
 - Utteke areal (flatt grunnivå)
 - Skråning massetak
 - Hovuddriftsvegar

A	2. gang utsending	PB	PB	29.09.2016
Rev	Endring	Utført	Kontr.	Dato

Lokasjon fig.


Prosjekt: **Reiarmoen massetak, Luster**

Tilskaffer: **Brødrene Flåten AS**

Fase:		Tekna av:	Kontrollert:
Prosjekt nr: 4015		Dato: 30.09.2016	Målestokk: 1 : 1000
Tekn. nr.:		Format: A1	

4015-FO-03

Etter avslutning Rev. A



Areal utgravd til bottnivå, tilnærma flatt, påfylt vekstjord for revegetering

Skråning, maks helling 1:1,5 (krav i reguleringsplan), påfylt vekstjord for revegetering

X6813200

X6813100

X6813000

X6812900

X6812800

Eiegdomsgrense

Reguleringsgrense

Uttaksgrense

Y406200

Y406300

Y406400

Y406500

Y406600

Y406700

A
4015-FO-02


A
4015-FO-02

B
4015-FO-02


B
4015-FO-02

TEGNFORKLARING

- Eigedomsgrense
- Reguleringsgrense
- Uttaksgrense
- Uttakslinje avslutning vist på snitt
- ← Uttaksretning
- Pall
- Sikringsvoll/skråning
- Depot avdekningsmassar
- Lagerplass produkt
- Utteke areal (flatt grunnivå)
- Skråning massetak
- Hovuddriftsvegar



SNITT A
 1 : 1000



SNITT B
 1 : 1000

B	2. gang utsending	PB	PB	29.09.2016
A	1. gang utsending	PB	PB	04.11.2015
Rev	Endring	Utført	Kontr.	Dato


Lokasjon: fig.

Prosjekt: **Reiarmoen massetak, Luster**

Tilaksnavn: **Bredrene Flåten AS**

Fase:		Teknis. av:	Kontrollert:
Prosjekt nr: 4015		Dato: 09/20/16	Målestokk: 1 : 1000
Tekn. nr: 4015-FO-02		Author: Per Bertheig	Checker: Per Bertheig

Snitt A og B. Situasjon 2013




TEIKNFORKLARING

- PBL. §12-5 REGULERINGSFØREMÅL**
- 1. BEBYGGELSE OG ANLEGG
 - SERVERPARK, I1
 - KJØLEANLEGG, KA1
 - MASSETAK, M1
 - 2. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
 - KØYREVEG, KV1
 - ANNA VEGGRUNN
- STREKSMBOL M.V.**
- PLANGRENSE
 - GRENSE FOR REGULERINGSFØREMÅL
 - BYGGEGRENSE
 - TOMTEGRENSE
 - SENTERLINJE REGULERT VEG
 - FRISIKTLINJE
 - PLANLAGT BEBYGGELSE
 - BEBYGGELSE SOM INNGÅR I PLANEN
 - BEBYGGELSE SOM VERT FJERNA

5. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER -LNF
- LANDBRUK, L1
 - LNF1
6. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG
- UTTAK AV KJØLEVANN I ELVA, UV1

PBL. §12-6 REGULERINGSFØREMÅL

- OMSSYNSZONE**
- RASFARE
 - FLAUMFARE
 - HØGSPENTLEDNING



REV	ENDRING	DATO	SIGN
REGULERINGSPLAN		MED FØRESEGNER FOR:	
JOSTEDALEN SERVERPARK OG REIARMOEN MASSETAK I LUSTER KOMMUNE		PLANID:	1426-2012xxx
Oppdragsgjevar: Bluefjords as		DATO	04.06.2012
SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA(2008):		SAKSHANDS.	HFH
HANDSAMING, 1. GONG I DET FASTE UTVAL FOR PLANSAKER:		DATO	SIGN.
HANDSAMING, 2. GONG, FUP: SAKNR.			
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSRUMMET:			
HANDSAMING, 3. GONG, FUP: SAKNR.			
EVT. NYTT OFFENTLEG ETTERSYN			
VEDTAK I KOMMUNESTYRET, SAKNR.			
KUNNGJORT:			
PLANEN UTARBEIDD AV: FASIT		TEGN. NR.	1200-100
		INDEKS	



**LUSTER KOMMUNE
REGULERINGSPLAN FOR
JOSTEDAL SERVERPARK OG
REIARMOEN MASSETAK
PlanID 1426-2012xxx**

JUNI 2012

INNHALD

Innleiing	1
Føremålet med planen	1
Omtale av planområdet	2
Forhold til arealdelen i kommuneplanen	3
Oppstart av planarbeidet	4
Planprogram	4
Innspel til planprogramet	9
ROS-analyse	11
Omtale av planframlegget	12
Føresegner til reguleringsplanen	18
Reguleringsplankart	
Vedlegg	
Innspel til planoppstart	
ROS-analyse	

Innleiing

Vårt firma har av utbyggeren, Bluefjords as v/ Arne Myklebust ,fått i oppdrag å lage reguleringsplan for bygging av severpark på Bustadiket. Då det er lagt opp til at serverparken kan utvidast innover i massetaket på Reiarmoen er dette området også tatt med i planframlegget.

Føremålet med planen

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bygging av severpark og grunnlag for konsesjon/driftsplan for massetaket.


Omtale av planområdet

Planen omfattar deler av eigedommen g/bnr 88/7.

Det flate platå på oppsida av fylkesvegen er tenkt nytta til ein utomhus serverpark.

Området grensar i nordvest inn mot ein bratt fjellskrent som vil vere godt egna som framtidig portal inn mot ein del av serverparken som kan plasserast i ein fjellhall.

Massetaket på Reiarmoen er i drift i dag og kommunen har sett krav til driftsplan og plan for tilbakeføring/overgang til nytt føremål. Det er stipulert at massetaket kan ha 600 000m³ utnyttbare massar.



Orthofoto som viser planområdet.

Forhold til overordna planar


Planområdet er vist som område for råstoffutvinning – massetak, område for industri – kraftverk og LNF-område, landbruks-, natur-, og friluftsområde, i kommuneplanens arealdel.

Dei viktigaste momenta med omsyn på plassering av serverparken for utbyggjar er tilgang til fleire ulike forsyningslinjer av straum og tilstrekkeleg vatn for kjøling av anlegget.

Då deler av planområdet ligg inne i arealplanen som LNF-område og det vert ei endring av føremål for deler av massetaket har kommunen sett krav til utarbeiding av planprogram for reguleringsplanarbeidet.

Massetaket ligg inne i gjeldande kommunedelplan for mineralske råstoff.

Kommunen har og sett krav om at det vert utarbeida driftsplan for Reiarmoens massetak i samsvar med krava for konsesjon etter minerallova.



Kart som viser kommunedelplan for området.

Oppstart av planarbeidet

Detaljreguleringsplanarbeidet vart starta opp i februar 2012.

Vi har hatt oppstartsmøte med kommunen og har avklart at området som utbyggaren ynskjer å regulere har ei plassering og føremål som er akseptable. Kommunen har sett krav til flateregulering av planområdet og illustrasjonsplan som viser korleis området kan byggast ut.

Det vart halde eit oppstartsmøte med Luster kommune, i samsvar med § 12-8, i mars 2012 for å drøfta problemstillingar knytt til plansituasjonen i området og vidare sakshandsaming. Tema som her vart tatt opp var:

- Avgrensing av området
- Krav til flateregulering og illustrasjonsplan
- Forholdet til arealdelen i kommuneplanen – LNF-område
- Forholdet til kommunedelplan for mineralske råstoff
- Avkøyrsløp frå fylkesvegen
- Plassering av nytt anlegg

Under arbeidet med planprogrammet kom det tidleg fram at rasfaren, krav til massetaket og flaumproblematikk i området måtte vurderast. Cowi as vart leigd inn til oppdraget og dei la fram sin rapport i mai 2012. Rapporten konkluderte med at serverparken ligger skredsikkert til dersom det iversettast enkelte sikringstiltak mot snøskred i eit lite område mot nord. Ved å heva terrenget noko eller bygge utan kjellar/med høg førsteetasje vil ikkje høge vannstandar i Jostedøla føre til skade på anlegget.

Masseuttaket får ikkje ein storleik som utløyser krav til konsekvensutredning i samsvar med minerallova, dvs meir enn 200 daa overflate eller samla uttak meir enn 2 mill m³ masse. Kommunen har heller ikkje etter vurdering av saka sett krav til konsekvensvurdering.

Planprogram

I samsvar med §4-1 og §12-9 i plan- og bygningslova er det utarbeida planprogram for planarbeidet.

Planprogrammet vart handsama av plan – og forvaltningsstyret i Luster kommune **06.06.2012** og vart godkjent med følgjande føresetnader:

- **Planprogrammet skal ligge til grunn for vidare planarbeid.**

Planprogrammet var som følgjer:

PLANPROSESSEN

Planprogrammet oppsummerar kort kva kunnskap som ligg føre om området knytt til moglege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn.

Planen skal utformast som ein reguleringsplan med plankart, tekstdel og reguleringsføresegner.

Aktuelle reguleringsføresmål:

- *Industriområde i dagen*
- *Industriområde i fjell*
- *Massetak*
- *Støyvoll mellom serverpark og massetak*
- *Køyreveg*
- *Parkeringsplass*
- *Område for VA-anlegg ved elva*

VURDERING AV KONSEKVENSA

Kommunen har sett krav til enkel konsekvensutgreiing tilsvarande den som er nytta i arealdelen.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn:

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal verdi	Regional verdi	Nasjonal verdi	Merknad
Naturverdiar				
Kulturminne-/ landskap				
Rekreasjon friluftsområde	*			Elva som fiskeplass
Barn og unge				
Primærnæring	*			Noko fulldyrka landbruksjord

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:	Konsekvensgrad:	Kommentarar:
MILJØ OG NATURRESSURSA		
Friluftsliv og rekreasjon	0	Fiskeinteressene i elva
Kulturminne og kulturlandskap	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	Inntak og utslepp av kjølevann kan påverke det biologiske mangfaldet. Avbøtande tiltak må vurderast i samband med byggeplan.
Primærnæring	-1	Noko drivverdig landbruksjord vert bygd ut
SAMFUNN		
Areal	+2	Deler av massetaket som vert utfasa kan nyttast til utviding av serverparken.
Transport	-2	Auka trafikk inn til området, også tungtrafikk
Barn og unge	0	
Grunneigarinteresser	+1	Grunneigar ynskjer utbygging
Infrastruktur og offentlege tenester	-	
Næringsutvikling og sysselsetting	+3	Nye arbeidsplassar
Samfunnstryggleik (ROS)	-1	- Deler av området ligg i utløpsområde for snøskred og steinsprang. Geologisk undersøking må utførast i samband med byggeplan. - Området ligg innanfor eit område som er ein viktig grunnvassressurs. I anleggsperioden må det takast spesielt omsyn til fare for utslepp. Dette gjeld også i forhold til elva. - Elektromagnetiske felt frå kraftverket må omsyntakast i forhold til byggeplan.
Universell utforming	0	

Bygging av serverpark og drift av masstaket i det aktuelle området vert vurdert å ha få negative konsekvensar for miljø, natur og samfunnsinteresser. Dei positive konsekvensane veg i høg grad opp for dei negative om ein ser på samfunnsnyttan av utbygginga.

Følgjande tema er vurdert spesielt i konsekvensutgreiinga:

Landskapsinngrep

Planområdet går inn i eit mindre landbruksareal i aust og grenser inn mot kraftstasjonen i vest. Eventuell framtidig utviding av serverparken kan leggast inn i massetaket som er ein del av planområdet. Tilkomst til serverparken vil ikkje medføre inngrep, då fylkesvegen grensar inn mot planområdet i aust.

Det vil være liten høgdeforskjell frå fylkesvegen og inn på serviseområdet i anlegget som skal dimensjonert for vogntog.

Planområdet ligg eksponert for innsyn frå veggen og bygga vert store og det er viktig at ein tek omsyn til dette ved forming av terrenget rundt og ved tilplanting.

I tillegg kan det verte trong for å bygge ein støyvoll mellom massetaket og serverparken.

Friluftsliv og rekreasjon

Elva er nytta til fiske og det må og takast spesielt miljøomsyn til elva ved uttak/utslipp av kjølevann frå anlegget. I følge grunneigaren har kraftutbygginga ført til ein senking av temperaturen i elva og dårlegare fiske. Å nytta elvevatn som kjølemedie vil ein mogleg få ein liten temperaturauke, som kan vere positivt i forhold til fiske.

Naturmangfald

Naturmangfaldlova skal leggast til grunn som retningslinje for all offentleg forvaltning som vedkjem naturmangfaldet.

Verknadane av planen skal vurderast opp mot ulike interesser og omsyn og i samsvar med naturmangfaldlova §7-12. Omfanget av desse vurderingane skal tilpassast omfang og konsekvens av planlagt utbygging.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) er henta frå fylkesatlas, naturbase, artskart, vannportalen, INON og MiS og gjennom dialog med kommunen.

Det er ikkje funne opplysningar om nasjonalt viktige naturtypar eller truga/prioriterte artar som det må takast spesielle omsyn til i planområdet.

Etter naturmangfaldlova skal ein ved ny utbygging freiste å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet (§9).

Ved dagens bruk av planområdet er det ikkje fare for skader som vil påverke naturmangfaldet vesentleg utanfor massetaket. Utbygging av området og den samla belastningen på naturmiljøet er vurdert (§10) og det må takast omsyn til at inntak og utslepp av kjølevann kan påverke det biologiske mangfaldet. Avbøtande tiltak må vurderast i samband med byggeplan.

Verknad for tilgrensande landbruksområde

Reguleringsplanen omfattar massetaket i tillegg til serverparken. Utbygginga gjer at ein del av den fulldyrka landbruksjorda i nord vert nytta til massetak/serverpark.

Kulturminne


Det er ikkje registrert kulturminne i planområdet. Kunnskapsgrunnlaget henta frå fylkesatlas.

Trafikk

Massetaket har ein del tungtrafikk i dag. Det vil ikkje bli auke i trafikken til og frå massetaket dersom takta for uttak av massar vert som i dag. Serverparken vil føra til ein trafikkauke i hovudsak av store køyretøy og personbilar på fylkesvegen til Jostedalen. Ved framtidig utviding av anlegget vil også trafikk auka i tråd med storleiken på anlegget og tal arbeidsplassar. Vegvesenet krev at tilkomsten til planområdet vert utforma som kryss og ber om at det vert lagt opp til ein felles tilkomst for serverparken og massetaket.

Ras

Ved vurdering av risiko og sårbarheit for området kjem det fram at planområdet ligg i utløpsområde for snøskred og steinsprang. Geologisk undersøkingar er sett i gang av rådgjevar frå Cowi og rapport skal nyttast som grunnlag for reguleringsplanen. Kunnskapsgrunnlaget er henta frå fylkesatlas.



Aktsomheitskart som viser fare for snøskred i området.

Forureining

Området ligg innanfor eit område som er ein viktig grunnvassresurs i kommunen. I anleggsperioden må det takast spesielt omsyn til fare for utslipp. Dette gjeld både for grunnforholda og i forhold til elva. Kunnskapsgrunnlaget er henta frå fylkesatlas.

Elektromagnetiske felt

Fare for påverknad frå elektromagnetiske felt frå kraftverket må omsyntakast i forhold til utarbeiding av reguleringsplan. Det er sett krav til byggeforbod/sikringssoner på 30 m frå apparatanlegg og maksimalt 40 m frå senterlinje av EI-trasear.

Støy

Utbygginga vil ikkje føre til meir støy enn det er i området i dag med landbruksdrift, drift av grustaket m.m. Men det bør vurderast kva konsekvensar støy frå massetaket får for arbeidsplassane i serverparken. Støyvoll bør vurderast.

Flaum

Ved gjennomgang av risiko for området kjem det fram at reguleringa grensar inn mot i fareområde i samband med flaum frå Jostedalselva. Det bør takast omsyn til dette ved høgdesetting av bygga nærmast elva. Flaumfaren frå Jostedøla må vurderast som ein del av ROS-analysen. Det er utarbeida flaumsonekart for tre delområde langs Jostedalselva frå Gaupne til Krogjelet. Planområdet for serverparken er ikkje registrert som svært flaumutsett og det er ikkje utført sikringstiltak i dette området. Kunnskapsgrunnlaget henta frå fylkesatlas og NVE.



Kart som viser 100-års flaumzone

OPPLEGG FOR MEDVERKNAD

Ein ordinær planprosess skal gi alle ein mogelegheit til å komme med sine syn på ei utbygging av serverparken på Bustadiket og av masstaket på Reiarmoen, i form av innspel til arbeidet med planprogrammet og reguleringsplanen.

I tillegg til annonsering i Sogn Avis vert varsel og planprogram sendt direkte til private og offentlege høyringsinstansar i samsvar med følgjande liste:

Grunneigar/Naboar	Offentlege høyringsinstansar
<ul style="list-style-type: none"> - 88/7 Henrik H. Røneid - 88/2 Tom Martin Røneid Bjelle - 88/6 Ole Mads Norenberg - 88/31 Anders Knut Molland - 88/141 Statkraft energi as - 88/145 Statens vegvesen region vest 	<p>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Miljøvernavdelinga og Kommunalavdelinga 6863 Leikanger</p> <p>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Landbruksavdelinga Pb. 14, 6801 Førde</p> <p>Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/Plan- og samfunnsavdelinga, 6863 Leikanger</p> <p>Sogn og fjordane Fylkeskommune v/Kulturavdelinga Pb. 173, 6801 Førde</p>

	<p><i>Statens vegvesen Region Vest Askedalen 4 6863 Leikanger</i></p> <p><i>NVE Region vest Postboks 53 6801 FØRDE</i></p> <p><i>Luster kommune v/Plan- og eigedom 6868 Gaupne</i></p> <p><i>Luster kommune v/Servicetorget (barnerepresentanten /eldrerådet/råd for funksjonshemma) 6868 Gaupne</i></p> <p><i>Luster kommune v/Hovudbiblioteket 6868 Gaupne</i></p> <p><i>Grendalaget i Jostedalen</i></p> <p><i>Telenor Servicesenter for nettutbygging PB 7150, 5020 Bergen</i></p> <p><i>Luster Energiverk AS 6868 Gaupne</i></p> <p><i>Statnett</i></p>
--	--

Innspel til planprogram

Planoppstart er varsla og planprogrammet har vore til offentleg ettersyn i 6 veker.

Frist for innspel var sett til 04.05.2012. Statnett bad om å forlenga innspelsfristen med ei veke og dette vart akseptert då deira innspel var viktig å få med i planprogrammet. Ved utløp av den forlenga fristen, 11.05.2012, vart det halde eit møte hjå kommunen der Statnett informert om sitt innspel.

Følgjande innspel er komme inn (*våre kommentarar i kursiv*):

- **NVE, 13.04.2012:**

Gjer merksam på at planområdet ligg inne som potensielt fareområde for skred i skrednett sine aktsomheitskart. Det må difor gjerast ei nærare vurdering av skredfaren og eventuelle fareområde må innarbeidast i planen slik at ein sikrar akseptabel tryggleik før utbygging. Det må gjerast ei vurdering av flaumfaren frå Jostedøla som ein del av ROS-analysen. Gjev og ein del råd om kva reguleringsføremaal som bør nyttast i samband med elva, el-anlegg m.m.

FASIT sin kommentar: Det er sett i gang arbeid med ein geologisk rapport som går på ras- og flaumvurdering. Dersom det vert trong for sikringstiltak vert desse innarbeid i planen.

- **Statens vegvesen Region vest, Vegavdeling Sogn og Fjordane, 25.04.2012:**
Har ikkje merknader til varsel om oppstart av planarbeidet. Gjer merksam på at det ikkje er plass til bygging på nedsida av FV 604 og at det ikkje bør regulerast inn noko trafikkskapande aktivitet der. Det er ønskjeleg med felles tilkomst til heile området. Tilkomsten må definerast som kryss på grunn av trafikken med store køyretøy.
FASIT sin kommentar: Det kan verte trong for tekniske anlegg på nedsida av elva, men desse fører ikkje trafikkskapande aktivitet.
- **Statnett, Avdeling for prosjektutvikling og konsesjon, 10.05.2012:**
Statnett har søkt om reinvesteringstiltak og tiltak for økt transformorkapasitet i Leirdøla i mars 2012. Desse tiltaka krev ikkje auka areal. Vidare har Statnett konkrete planar om ytterligere reinvesteringstiltak og tiltak for økt transformorkapasitet som vil krevje noko auka areal lagt mot sør i forhold til anlegget som ligg i Leirdøla i dag. På lengre sikt kan det bli aktuelt å oppgradere stasjonen til ein del av 420 kV-nettet som følgje av økt produksjon og forbruk. For ein slik utviding har Statnett trong for eit større areal som ligg nord for dagen anlegg. Alternativt må stasjonen flyttast, noko som vil vere ein stor samfunnskostnad.
FASIT sin kommentar: Det området som Statnett har trong for til utviding i framtida strekker seg langt inn i massetaket på Reiarmoen. I det same området såg ein føre seg at serverparken kunne utvide sitt areal i framtida. Gjennom dialog mellom partane kom ein fram til at det vil vere mogeleg å utarbeide reguleringsplanen på ein slik måte at både serverparken og Statnett sin trong for framtidige arealutviding kan omsynstakast.
- **Fylkesmannen i Sogn- og Fjordane, 09.05.2012:**
- Miljøvernavdelinga: Ser det som viktig at det i planarbeidet vert lagt vekt på omsyn til naturmiljø og landskap.
FASIT sin kommentar: Gjennom krav til driftsplan for massetaket legg ein i planframlegget opp til styring av landskapsforminga og naturmiljøet etter at masseuttaket vert avslutta. Mot elva er det lagt opp til minst mogelege inngrep.
- Beredskapseininga: Gir råd om korleis ROS-analysen bør utførast og kva krav som vert stilte til denne.
FASIT sin kommentar: Det er teke omsyn til innspelet i utarbeidinga av ROS-analysen.
- Landbruksavdelinga: Har ingen avgjerande merknadar til arealbruken då den er forankra i gjeldande kommuneplan. Rår til at etterbruken av matjorda vert gjort greie for gjennom rekkefølgjekrav i planføresegnene og at dei ulike interessene og omsyna som kan bli råka av tiltaket vert omtalt i planomtalen.
FASIT sin kommentar: Det er teke omsyn til innspelet i utarbeidinga av planframlegget.

- **Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, 16.05.2012:**
Då det ikkje har vore kulturminneregistreringar i planområdet kjenner ein ikkje til om det kan ligge automatisk freda kulturminne her. Det vert difor varslar krav om arkeologisk registrering for at fylkeskommunen skal kunne gje endeleg uttale til eit planframlegg i området.

FASIT sin kommentar: Oppdragsgjevar har godkjent budsjettet for kulturavdelinga sitt arbeid og kulturminneregistreringa vert utført i juli/august 2012. Planframlegget kan eigengodkjennast av kommunen ved 1. gangshandsaming i det faste utvalet for plansaker, og leggest ut til offentleg ettersyn sjølv om kulturminneregistreringa ikkje er utført.

ROS analyse

Det er etter plan og bygningslova § 4-3 krav til utarbeiding av risiko og sårbarheitsanalyse ved planlegging for utbygging. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som kan ha innverknad på om arealet er egna til utbyggingsføremålet og eventuelle endringar av desse forholda som følgje av planlagt utbygging.

Det er utført ei analyse av området basert på digitale GIS-data og samtalar med kommunen.

Analysen er gjennomført i samsvar med vedlagde sjekklister som er basert på DSB sin rettleiar/temahefte "Samfunnsikkerhet i arealplanlegging, kartlegging av risiko og sårbarhet".

Konklusjonar frå ROS-analysen:

1. Natur- og miljøforhold:


- Det er utført skred- og flaumfarevurderingar for planområdet og tiltak teke inn i reguleringsplanen.
- Då det ikkje er utført kulturminneregistering i området før og ein veit difor om det kan finnast kulturminner i området. Kulturavdelinga skal utføre kulturminneregistreringar sommaren 2012.
- I planområdet ligg det fleire høgspenteledningar og det er lagt inn omsynsgrenser i forhold til desse i planframlegget.

2. Spesielle forhold ved drift:

- Når ein tek ut massar og desse skal knusast/silast vil det vere støy frå området. I føresegnene er det lagt inn driftstider for massetaket. I tillegg er lagt inn ein støyvoll mellom massetaket og serverparken.
- Elles ingen spesiell risiko.

ROS-analysen viser at tiltaket ikkje representere høgare risiko for menneske eller samfunn enn kva som vert akseptert for eit nytt industriområde/massetak.

Omtale av planframlegget



Planframlegg 04.06.2012.

I1 – Serverpark

Området som er sett av til serverpark er i dag nytta til landbuk og massetak. Serverparken er tenkt utbygd i fleir byggetrinn/etapper og realiseringstidspunkt vert styrt av marknaden for denne typen tenester. Situasjonsplanen viser korleis ein tenkjer utbygginga av etappane.

Det er lagt opp til at landbruksarealet kan nyttast som i dag fram til realisering av dei ulike etappane av serverparken. Når ein har komme i gang med drift av første etappe kan ein varmt vatn frå kjøleanlegget nyttast til landbruksdrifta.

Det er trong for å ta ut ein del massar før ein kan bygge ut dei siste etappane av serverparken. Desse massane er ein del av massetaket og kan takast ut før ein bygger dei ut med areal til serverpark. Etter at masseuttaket er utført kan desse områda fyllast opp med matjord og nyttast som landbruksareal dersom utbyggingstakta gjer det aktuelt.

For å unngå støy og støv frå massetaket er det lagt opp til at det skal byggast ein støyvoll mellom serverparken og massetaket. Første byggetrinn er lagt lengst vekk frå massetaket for å

For området er lagt opp til utnyttingsgrad, BYA= 70%. I utnyttingsgraden er parkeringsplassar medrekna.

For å sikra området mot snøskred og steinsprang skal det byggast rasvoll i øvre del av området eller i LNF1.

På grunn av plasseringa inn mot den EL-anlegg er det lagt inn ein del føringar på bruken av dette området. Dette gjeld spesielt byggegrenser og høgder på bygg.

Farge- og materialbruk er og verkemiddel som er nytta for dempa verknaden av området i forhold til eksponering.

Det er lagt opp til at anlegget skal ha tilkomst frå fylkesveg 604, KV1.



Bildet viser område som kjøleanlegget skal plasserast.

KA1 – Kjøleanlegg

I området skal det byggast eit anlegg for inntak av kjølevann frå Jostedalselva til bruk i drifta av serverparken. Eventuelle verknader for ein temperaturouke på kjølevatnet som vert slept ut att i elva må omsynstakast ved bygging av kjøleanlegget.

Å nytta elvevatn som kjølemedie vil gi ein mikroskopisk/uvesentleg endring av temperaturen i elva.

Det er lagt opp til at landbruksarealet, L1 skal ha tilkomst til og frå fylkesvegen via området som er sett av til kjøleanlegg, KA1.



M1 – Massetak

I kommunedelplan for mineralske råstoff vurderer kommunen denne moreneryggen som den nest viktigaste og nest største førekomsten av grus og sand i kommunen. NGU registrerte i 2008 ei total mengde på 0,909 mill m³ og av desse er 0.589 mill m³ utnyttbare.

Uttaksmengden vert styrt av etterspurnad i marknaden. Dei ulike fraksjonane ligg lagvis i massetaket og det er difor etterspurnaden av dei ulike fraksjonane som styrer terrengformasjonane inne i massetaket. Å utforme ein etappeplan for framtidig uttak har difor lite for seg. Det som er viktig å planlegge vil vere utforming av massetaket når drifta er avslutta og å legge føringa på sjølve drifta.

Verknadane av drifta av knuseverket med omsyn til støy, vibrasjon og støv må omsynstakast i forhold til at det skal byggast ein serverpark i nærleiken.

Botn av masseuttaket er planlagt til å ligge på kote +25.

I driftsfasen vil det vere naturleg å ta ut massar 3-4 meter under eksisterande terrengnivå. Ved avslutting av drifta bør det fyllast opp til eit nivå som ligg noko over vegnivå og på den måten følgje dei naturlege terrengformasjonane i området.

Dei øvre delane av massetaket ligg på om lag kote +85. Ved avslutting av masseuttaket skal uttaksskråningane planerast med maksimal skråningsvinkel 1:1,5. Uttaksflatene skal fyllast opp med eit lag med lausmassar, som skal gi grobunn for revegetering av området.

Der ein tek ut massar heilt inn til fjell vil denne vere ein naturleg avgrensing av masseuttaket.

Overgangen til omliggande områder skal opparbeidast slik at det vert ein naturleg forlenging av utmark/dyrka mark.

Massetaket skal til ein kvar tid sikrast i forhold til drift og tilkomst til området.

Etterbruken av massetaket er landbruk og serverpark.

KV1 – Køyreveg



Bildet viser øvre del av serverparken og fylkesvegen.

KV1 er fylkesveg 604.

Det er lagt opp til at serverparken og massetaket skal ha separate avkøyrslar. Landbruksavkøyrslene skal oppretthaldast så lenge det vert drive landbruk i området som er regulert til serverpark. På nedsida av fylkesvegen er eksisterande landbruksavkøyrslar tenkt nytta til tilkomst til landbruksarealet og vannintak til kjøleanlegget for serverparken.

Sikt er lagt inn med 6x120m.

Dimensjoneringsgrunnlag: Vegtype H1, forkøyrregulert kryss, 80 km/t, ÅDT<100 i sekundærveg.

For avkøyrslar på nedsida av fylkesvegen er det lagt inn sikt 4x100.

Dimensjoneringsgrunnlag: Vegtype H1, forkøyrregulert avkøyrslar, 80 km/t, ÅDT< 50 i sekundærveg.

Byggegrense er sett til 15m frå senterlinje i fylkesvegen.

Vegen er lagt inn med eksisterande bredde og det er regulert inn anna vegareal til eigedomsgrensa langs vegen.

Vegtype H1 krev vegbredde 6,5m.

AV – Anna vegareal

Gjeld grøfteareal og tilgrensande areal for vegane i planen.

Areala skal settast i stand og eventuelt tilplantast på ein tiltalande måte.

Det må takast omsyn til siktforholda ved evt tilplanting.



L1 – Landbruk

Området for serverparken kan før alle etappene er utbygd nyttast til landbruksareal.

I tillegg er det lagt inn eit eksisterande landbruksareal, L1 på nedsida fylkesvegen mot elva.

LNF1 – LNF-område

Det er lagt inn ei grøn buffersone inn mot massetaket og serverparken.

For å sikra serverparken mot snøskred og steinsprang skal det byggast rasvoll i øvre del av området eller i LNF1.

UV1 – Uttak av kjølevann i elva

Kjøleanlegget for serverparken krev bygging av inntaksarrangement i elva. Desse skal utformast i dialog med og godkjennast av NVE.

Naturmangfald

Naturmangfaldlova skal leggest til grunn som retningslinje for all offentleg forvaltning som vedkjem naturmangfaldet.

Gjennom planarbeidet er det ikkje komme fram spesielle moment som det må takast omsyn til når det gjeld naturmangfaldet.

Kunnskapsgrunlaget (§8) er henta frå fylkesatlas, naturbase, artskart, vannportalen, INON og MiS og gjennom dialog med kommunen.

Det er ikkje funne opplysningar om nasjonalt viktige naturtypar som det må takast spesielle omsyn til i planområdet.

Planområdet er ikkje ein del av naturområder som er verna eller er kjente vekst- eller leveområde for sjeldne, sårbare eller trua artar og samfunn. Det er heller ikkje interessante eller inngrepsfrie kvartær- eller berggrunnsgeologiske naturområder å finne her.

Ein skal ved ny utbygging freiste å unngå mogeleg vesentleg skade på naturmangfaldet (§9). Ved dagens og framtidig bruk av planområdet er det ikkje fare for skader som vil påverke naturmangfaldet vesentleg. Planframlegget viser total utbygging av området og den samla belastningen på naturmiljøet er vurdert (§10).

Landskap – visuelle konsekvensar

Planområdet botn av dalen og er godt forankra i bakanforliggende landskap og vil ikkje bryta nokon siluettlinje. Frå fylkesvegen vil planområdet ligga eksponert. Denne verknaden kan avbøtast med vegetasjon mellom serverparken og fylkesvegen.

Universell utforming

Det er lagt opp til universell utforming i for området som er tenkt nytta til serverpark. Typen arbeidsplassar vil egna seg godt for tilsette om har behov for universell utforming.

Støy/støv

Det er i samband med planarbeidet ikkje utført berekningar for støybelastning. Drift av massetaket er støygenererende og desse forholda vert regulert i føresegnene og driftsplanen. Det er lagt opp til å bygge ein støyvoll mellom massetaket og serverparken for å skjerme mot støy og støv mellom dei to verksemdene.

Støy frå vegen vil vere liten samanlikna med massetaket takast og dersom det er trong for det vil det nyttast bygningstekniske anlegg som tek høgde for dette.

Tekniske løysingar

Det er lagt opp til at vatn frå Jostedalselva skal nyttast som kjølevatn for serverparken. Det er difor regulert inn eit området til dette føremålet på nedsida fylkesvegen.

Drikkevann til serverparken og massetaket er tenkt løyst med lokal grunnvassførekomst og avløpsvatn frå veksemdene må rensast/infiltrerast.

Avrenning av overflatevann frå både serverparken og massetaket ledast til elva. Jostedalselva må ikkje tilførast avrenningsvann som kan innehalda forureining.

Alle anlegg i elva skal godkjennast av NVE før bygging.

EL-anlegg

Det er lagt inn sikringssoner i følgjande avstand frå EI-linjer:

- 22 kV : 9 m frå senter linjetrase
- 420 kV : 40 m frå senter linjetrase

Arealoversikt

Serverpark, I1	27 526 m ²
Kjøleanlegg, KA1	1 347 m ²
Massetak, M1	76 098 m ²
Køyreveg, KV1	1 392 m ²
Anna vegareal, AV	2 279 m ²
Landbruk, L1	1 698 m ²
LNF-område, LNF1	8 576 m ²
Uttak av kjølevann i elva , UV1	318 m ²
Totalt areal	127 306 m²

Føresegner til reguleringsplan for Jostedal serverpark og Reiarmoens massetak.

I samsvar med plan- og bygningslova §12-5, 12-6 og 12-7.

Planen er datert: 04.06.2012

Siste revisjon:

§1 Fellesføresegner

- 1.1 Føremålet med planen er å leggja til rette for bygging av serverpark og drift av massetak og tilhøyrande tekniske anlegg.
- 1.2 Reguleringsføresegnene gjeld området innanfor plangrensene som er vist på plankart 1200-100, datert 04.06.2012. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.
- 1.3 Dersom det under anleggsarbeid eller anna verksemd i planområdet vert funne automatisk freda kulturminner, skal arbeida straks stoppast og kulturvernmyndigheitene varslast i samsvar med lov om kulturminne §8, 2.ledd.

§2 Reguleringsføremål

Området er regulert til følgjande føremål i samsvar med plan- og bygningslova §12-5 og 12-6:

Busetnad og anlegg, PBL §12-5 nr. 1

- Serverpark, I1
- Kjøleanlegg, KA1
- Massetak, M1

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, PBL §12-5 nr. 2

- Køyreveg, V1
- Anna vegareal, AV

Landbruk, PBL §12-5 nr. 5

- Landbruk, L1
- LNF-område, LNF1

Bruk og vern av sjø og vassdrag, PBL §12-5 nr. 6

- Utak av kjølevann i elva, UV 1

Omsynssone, PBL §12-6

- Sikring mot ras
- Sikring mot flaum
- Høgspantanlegg
- Frisiktsoner i avkøyrslø

§3 Serverpark, I1

- 3.1 Området er avsett til serverpark for datalagring og tilhørende bygg og installasjoner. Det kan og byggast rasvoll innan for området.
- 3.2 Maksimalt bebygd areal er $BYA = 70\%$.
- 3.3 Området kan byggast ut i fleire byggetrinn/etappar. Kommunen godkjenner kvar etappe i byggesøknad.
- 3.4 Mønehøgde, farge- og materialbruk skal godkjennast i samband med byggemelding.
- 3.5 Landbruksavkøyrslene skal oppretthaldast så lenge det vert drive landbruk i området .

§4 Kjøleanlegg, KA1

- 4.1 Området er avsett til kjøleanlegg/inntaksarrangement for serverparken og tilhørende installasjoner.
- 4.2 Landbruksområdet, L1 skal ha tilkomst til fylkesvegen gjennom KA1.
- 4.3 Ved utbygging skal tekniske løysingar i forhold til elva godkjennast av NVE.

§5 Massetak, M1

- 5.1 Området er avsett til massetak og tilhørende installasjoner og bygg. Det skal byggast støyvoll mot serverparken.
- 5.2 På grunnlag av godkjent reguleringsplan skal det utarbeidast driftsplan for massetaket. Det kan takst ut massar i samsvar med driftsplanen som skal godkjennast av Direktoratet for mineralforvaltning.
Uttak av massar kan utførast ned til kote + 20 moh.
Framtidig minimumshøgde ved avslutninga massetaket skal ligg maks 2 m over vegnivå på fylkesvegen.
- 5.3 Området som er regulert til masseuttak skal tilbakeførast til landbruk og serverpark når drifta av massetaket er utført.
- 5.4 Drifta av massetaket skal ikkje overskrida støygrenser gitt i forureiningsforskrifta §30-7.
- 5.5 Innanfor området kan det takast ut grusmassar, utførast sikting, knusast massar, transport og lagrast av sand/grus/stein og evt andre reine massar.
Det kan utførast produksjon og foredling av tilkøyrde reine massar.
- 5.6 Verksemda skal gjennomføre dei tiltaka som viser seg å vera mest effektive for å redusere støvutslipp frå all støvande aktivitet som knusing, sikting, transport og lager.
- 5.7 Avrenning frå uttaksområdet skal sikrast med omsyn til vasskvalitet ved utslepp til elva.
- 5.8 All drift i område skal skje innanfor tidsramma kl 07.00-21.00 på kvardagar og kl 07.00-16.00 på laurdagar.

- 5.9 Ved avslutning av masseuttaket skal området settast i stand i samsvar med godkjent driftsplan. Området skal etablerast med vegetasjonsdekke over lausmasseskråningar som skal ha maks helling 1:1,5. Det skal legges til rette for naturlig revegetasjon og tilsåing.

§6 Køyreveg V1

- 6.1 Området er avsett til køyreveg.
- 6.2 Regulert bredde er som for eksisterande veg, 6,5m.

§7 Landbruk , L1

- 7.1 Området er avsett til landbruksareal.
- 7.2 Arbeid med elveforbygging kan utførast ved behov. Tekniske løysingar i forhold til elva avklarast med NVE.
- 7.3 I området kan det leggest naudsynte tekniske anlegg for serverparken i grunnen.

§ 8 LNF1

- 8.1 Området er avsett til ei buffersone inn mot massetaket og serverparken.
- 8.2 Det kan takast ut massar i området, dersom det er naudsynt i forhold til avslutninga av massetaket og serverparken.

§9 Uttak av kjølevann i elva, UV1

- 9.1 Området er avsett til tekniske installasjonar for å henta kjølevann i elva til bruk for serverparken.
- 9.2 Ved utbygging skal tekniske løysingar i forhold til elva godkjennast av NVE.

§10 Omsynssone – rasfare

- 10.1 Området viser området som er utsett for ras.
- 10.2 For dette området kan det berre setjast opp bygg for varig opphald etter at det er bygd rassikringstiltak.

§11 Omsynssone – flaumfare

- 11.1 Området viser området som er utsett for ras.
- 11.2 For dette området kan det berre setjast opp bygg for varig opphald etter at det er bygd flaumsikringstiltak.

§12 Omsynssone – høgspentanlegg

- 12.1 Området er lagt inn som sikringssone i forhold til EL-anlegg.
- 12.2 For dette området kan det ikkje setjast opp bygg for varig opphald.

§13 Sikring - Frisiktssoner i kryss

- 13.1 Frisiktssoner langs offentlig veg i området skal det vera fri sikt ned til eit nivå av 0.5m over kjørebana i den offentlege vegen.